

Alver kommune

Innspel til arealdelen i kommuneplanen for Alver.

Underskrivne er eigar av gnr. 446, bnr. 17. Bruket består av 7 separate teigar i tillegg til ein del leigejord. Det gjer drifta ganske tungvint særleg med tanke på gyllekøyring og grashausting.

Bruket har opp gjennom åra vore gjennom fleire frådelingar, utskiljing av hustomtar, oppdeling pga. nye vegar, men også kjøp av tilleggsjord. Teigen der driftsbygningen og bustadhuset i si tid låg på er på ca. 2,4 daa. (Sjå vedlagt kart). Her er det ingen bygningar att som høyrer til bruket, men teigen er omringa av bustadhus og vegar samt eit par gamle deriftsbygningars som ikkje lenger er i bruk. Forma på teigen gjer det også nokså vanskeleg å slå graset på ein praktisk måte.

Eg ønskjer å få omregulert denne teigen til bustadføremål. Det bør etter mitt syn vera mogeleg å få brukbart betalt for eit såpass sentrumsnært område, og desse pengane ønskjer eg å bruka på kjøp av anna jordbruksland som grensar inn mot ein eller fleire av dei teigane eg eig. Det ville i så fall kunna gje ei meir rasjonell drift av garden.

Håpar det er mogeleg å få forståing for dette i utforminga av den nye arealplanen i Alver.

Eirik Smith, 13.09.2022